

Rapport Filmatisk formidling 2023-2024

Filmatisk formidling var eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen Offentlige Bibliotek, Voss folkebibliotek, Alver Bibliotek, Fedje Bibliotek og opprinnleig, Modalen bibliotek.

I løpet av det fyrste året vart drifta av Modalen bibliotek midlertidig avvikla og dei gjekk ut av prosjektet.

Gjennomføring av prosjektet

Prosjektet skulle ha starta i januar 2021, men dei fyrste månadane gjorde korona-restriksjonane det umogleg å gjennomføre fysiske møter og verkstader. Derfor gjennomførte vi først eit møte der vi avklarte forventningane til prosjektet der deltakarane frå samarbeidskommunane fekk informasjon om kva dei skulle jobbe med fram mot fyrste verkstad som vi måtte halde digitalt. Då restriksjonane vart heva var vi derfor klare til å produsere.

I utgangspunktet hadde vi tenkt at formidlarane skulle vere ei stor gruppe, men det vart tidleg klart for oss at vi måtte la samarbeidskommunane sine formidlarar og deira filmar vere i fokus når dei hadde høve til å kome til Bergen. Dataane under er for møtepunktane mellom alle samarbeidskommunane.

Prosjektet har hatt mange involverte i Bergen Offentlige Bibliotek. Derfor er det utfordrande å finne treffpunkt der alle er tilgjengelege. Dette har ført til at vi måtte lage undergrupper i prosjektet der ei produksjonsgruppe som jobba med i framdrifta for produksjon av filmene og formidlarane hadde eigne møter internt.

Det vart tidleg klart for oss at ambisjonane måtte tilpassast kvar enkelt formidlar då dei kom til oss med ulikt erfaringsgrunnlag og ikkje minst ambisjonar på eigne vegne. Vi tilpassa også talet på filmar for kvar formidlar, då målet vi hadde satt oss var for ambisiøst. Vi valde å prioritere ein god prosess der alle fekk metoden under huda framfor å produsere minst fire filmar.

Verkstadene gjekk over to dagar med overnatting i Bergen. Samarbeidsbiblioteka er små, Fedje og Modalen hadde ein tilsett kvar i perioden. Det gjorde dei sårbarare for fråvær, derfor satt vi opp verkstadane i god tid, frikjøpte våre tilsette og hadde fokus på deira filmar når dei var her. Vi gjennomførte tre slike verkstader i løpet av perioden i tillegg til digitale verkstader og møter. Permisjonar og utskifting gjorde at alle ikkje var med på alle verkstadene. Med eit unntak har alle fullført minst ein film likevel.

Aktivitet i prosjektet i samarbeidsfasen

Under finn de oversikt over aktivitet i prosjektet. Vi har valt å stadfeste møtepunkta mellom samarbeidsbiblioteka spesielt. Samarbeidet internt har vore løyst på ulike vis i løpet av perioden. Det har også vore tre styringsgruppemøter underveis.

2021

9. mars: Møte for å avklare forventningane.

12. April: Heildags, digital verkstad om manus, dreiebøker, performativ formidling og sosiale medium.

12. April gjennomførte vi ein heildags verkstad om manus, dreiebøker, formidling og sosiale medium. På grunn av restriksjonar måtte denne gjennomførast digitalt.

15.juni: Verkstad over to dagar der formidlarane frå samarbeidskommunane: Vi filma dei ferdig planlagde filmane og sette i gong formidlarane sin prosess fram mot ein tilsvarende verkstad i november.

4. oktober: Dreiebokmøte.

4.November: Dreiebok og førebuing.

16. November: Verkstad over to dagar der formidlarane frå samarbeidskommunane: Vi filma dei ferdig planlagde filmane og sette i gong formidlarane sin prosess fram mot ein tilsvarende verkstad i mai 2022.

2022

07. april: Oppstart og gjennomgåing av idear og dreiebøker(digitalt)

02. mai: Gjennomgåing og tilbakemelding på dreiebøker.

05. mai var vi på Nasjonalbiblioteket og presenterte prosjektet på seminaret «Formidlende omstendigheter»

18.mai: Siste finpuss på manus og dreiebøker

25. mai: Verkstad over to dagar

15. September: Vi satt opp ei Filmatisk Formidlings-hylle også kalla Bibliomaten,der barn kan sjå filmane og plukke med seg boka i biblioteket i Bergen.

28. November: Vi presenterer prosjektet under Haakon Nyhuus-seminaret.

2023

I 2023 har vi jobba internt med produksjon av ein digital verktøykasse som skal vise korleis andre bibliotek og aktørar kan ta i bruk metoden.

Verktøykassen inneheld følgande filmar

- Filmatisk formidling med Adele Lærum Duus og Elisabeth Skråmestø Wyller
- Frå dreiebok til filme med Johnny Holmvåg
- Tekniske løysingar med Johnny Holmvåg
- Universell utforming med Therese Pedersen

Vi har også lansert Filmatisk formidling som ei teneste for skular på [nettsidene våre](#).

Vi vil publisere verktøykassa på våre nettsider, dei nye forskrifter om tilgjengeleggjering av lyd og videoproduksjonar som vi jobbar med å implementere. Dette tenker vi også at verktøykassa må vise, derfor må vi mellom anna gå tilbake og endre på filmen om universell utforming for å sikre at det vi gjer tilgjengeleg er i tråd med gjeldande forskrifter. Når den er klar håper vi at Nasjonalbiblioteket også vil legge den på sine ressurssider.

Måloppnåing

Dei opphavelige måla i prosjektet Filmatisk formidling var:

- Å gjere litteraturen meir attraktiv og tilgjengeleg.
- Nå ikkje-lesarar.
- Auke biblioteka sin kompetanse på formidling på digitale plattformar.
- Synleggjere formidling på fleire flater og utvikle verktøy for meir variert formidling.
- Nå fleire barn med litteraturformidling og gjere den tilgjengeleg på plattformar der barna allereie er.
- Gjere god formidling tilgjengeleg for barn som ikkje får deltatt på klassebesøk på biblioteket.

Vi opplever høg måloppnåing i prosjektet på fleire områder. Enkelte av måla er vanskelege å undersøke, men filmane er blitt eit populært tilskot der dei er tilgjengeleg, og effekten viser seg også i etterspurnad. Dette ser vi spesielt i skranken der biblioteket sin «Bibliomat», er integrert i mellomtrinnshyllene. Her blir filmar presentert på ein touchskjerm som er blitt populær. Vi kan ikke påstå at vi kan dokumentere at vi når ikkje-lesarar, men i bruk i klassebesøk er det tydeleg at veksling mellom digital formidling og munnleg formidling er med på å skjerpe fokus hos elevar som viser mindre interesse i utgangspunktet. Vi ser også at filmane aukar interessa for bøker vi opplever som «vanskelege å snakke ut». Eit eksempel på dette er filmen vi har laga om Sunniva Relling Berg sin roman [Polarnatt](#). Ein annan klar fordel er at ein på ein god måte kan formidle bøker ein ikkje har lest på klassebesøk.

Filmane er i bruk på fleire måtar i biblioteket si formidling og ligg som ei eiga teneste på Bergen Offentlige Bibliotek sine nettsider. Samarbeidsbiblioteka og alle andre interesserte kan hente dei frå vår Youtubekanal. YouTube har vist seg å vere ein plattform som ikkje eigner seg til å presentere denne typen innhald for barn.

Vi jobba lenge mot å opprette ein eigen kanal for slik innhald for å nå målet om å nå barn med litteraturformidling ved å gjere den tilgjengeleg på plattformar der barna allereie er, men innsåg at arbeidet med å synleggjere kanalen og tilpasse den algoritmane ville bli for stort. Sjølv om YouTube endå var størst i Barn og medieundersøkinga i 2022, var TikTok då i vekst medan YouTube gjekk tilbake. Formidlingsgrep frå TikTok har vore ei kjelde til inspirasjon i utviklinga av vår metode, men det er uaktuelt for Bergen Offentlige Bibliotek å bruke TikTok for å formidle til så unge barn

I perioden ser det ut Bergen Offentlige Bibliotek er ein del av Bergen kommune, og i løpet av prosjektperioden har moglegheitene for bruk av sosiale media, spesielt retta mot barn, blitt innskrenka av omsyn til personvern og datatryggleik. Det var i utgangspunktet YouTube vi ønska å utvikle i denne retninga, men vi har konkludert med at presentasjon gjennom nettsidene våre er det alternativet som er både tryggast og mest tilgjengeleg, sjølv om det oftast fordrar ein vaksen formidlar. Med denne løysinga kan vi også lage spelelister og presentere dei i ein kontekst og effektivt promotere den saman med resten av skuletilbodet vårt. Vi kan altså ikkje seie at vi har nådd målet om å nå barn på plattformer dei sjølv brukar, men vi meiner at vi har gjort det vi kan for å utforske moglegheitene for det og konkludert med at det per dags dato ikkje er mogleg å få til på ein etisk forsvarleg måte

Lærarar som har tatt i bruk filmane er svært positive. Vi ser også at vi har gjort formidling tilgjengeleg for barn som elles ikkje ville fått det gjennom klassebesøk. Praksis er då at vi lagar ei speleliste til læraren som dei ser i lag før dei skal finne bøker. Dette blir gjort før besøk på bibliotek og når det sendast bokkasser til skulen. Då sørger vi for at titlane som blir presentert er tilgjengeleg.

I prosjektperioden har vi opparbeida oss høgare og meir konkret kompetanse på digital formidling. Formidlarar internt i Bergen Offentlige Bibliotek og i samarbeidskommunane har deltatt på fleire

verkstader der vi saman har jobba fram uttrykksmåtar og formspråk. I prosessen har vi sett kva som fungerer godt og kva som fungerer mindre godt, og vi har blitt meir medvitne om korleis ein kan snakke gjennom linsa.

Formidlarane har blitt tøffare og meir konkrete i sine tilbakemeldingar til kvarandre, og absolutt alle produserte filmar har vore samarbeidsprosjekt der heile gruppa har gitt innspel.

Ikkje minst veit vi no meir om kva videoproduksjonar som er moglege å gjennomføre for oss med dei ressursane vi har i dag.

Parallelt har vi brukt metoden i prosjektet Nye norske der forfattarar har blitt invitert til å lage filmar der dei formidlar andre forfattarar sine bøker. Dette har også vore med på å utvikle metoden og å bygge vårt erfaringsgrunnlag.

Aktivitet i prosjektet i samarbeidsfasen

Under finn de oversikt over aktivitet i prosjektet. Vi har valt å stadfeste møtepunkta mellom samarbeidsbiblioteka spesielt. Samarbeidet internt har vore løyst på ulike måtar i løpet av perioden. Det har også vore tre styringsgruppemøter underveis.

2021

9. mars: Møte for å avklare forventningar.

12. April: Heildags, digital verkstad om manus, dreiebøker, performativ formidling og sosiale medium.

12. April gjennomførte vi ein heildags verkstad om manus, dreiebøker, formidling og sosiale medium. På grunn av restriksjonar måtte denne gjennomførast digitalt.

15.juni: Verkstad over to dagar der formidlarane frå samarbeidskommunane: Vi filma dei ferdig planlagde filmane og sette i gong formidlarane sin prosess fram mot ein tilsvarende verkstad i november.

4. oktober: Dreiebokmøte.

4.November: Dreiebok og førebuing.

16. November: Verkstad over to dagar der formidlarane frå samarbeidskommunane: Vi filma dei ferdig planlagde filmane og sette i gong formidlarane sin prosess fram mot ein tilsvarende verkstad i mai 2022.

2022

07. april: Oppstart og gjennomgåing av idear og dreiebøker(digitalt)

02. mai: Gjennomgåing og tilbakemelding på dreiebøker.

05. mai var vi på Nasjonalbiblioteket og presenterte prosjektet på seminaret «Formidlende omstendigheter»

18.mai: Siste finpass på manus og dreiebøker

25. mai: Verkstad over to dagar

15. September: Vi satte opp ei Filmatisk Formidlings-hylle, også kalla Bibliomaten, der barn kan sjå filmane og plukke med seg boka i biblioteket i Bergen.

28. November: Vi presenterer prosjektet under Haakon Nyhuus-seminaret.

2023-2024

I 2023 har vi jobba internt med produksjon av ein digital verktøykasse som skal vise korleis andre bibliotek og aktørar kan ta i bruk metoden. Dei siste filmane er eller er i ferd med å bli ferdigstilla og i har også lansert Filmatisk formidling som ei teneste for skular på [nettsidene våre](#) under namnet BOBTV junior. Vi har jobba med å vidareutvikle kommunikasjonsarbeid opp mot skulane for å synleggjere denne og andre tenester.

Verktøykassa inneheld følgande filmar

- Filmatisk formidling med Adele Lærum Duus og Elisabeth Skråmestø Wyller
- Frå dreiebok til filme med Johnny Holmvåg
- Tekniske løysingar med Johnny Holmvåg
- Universell utforming med Therese Pedersen

Vi vil publisere verktøykassa på våre nettsider, det jobbast med å implementere nye UU-krav for tilgjengelegging av lyd og videoproduksjonar. Dette tenker vi også at verktøykassa må vise, derfor må vi mellom anna gå tilbake og endre på filmen om universell utforming for å sikre at det vi gjer tilgjengeleg er i tråd med gjeldande forskrifter. Når den er klar håper vi at Nasjonalbiblioteket også vil legge den på sine ressurssider.

Vidareføring og eksempel til etterfølging

Prosjektet er i tråd med Bergen Offentlige Bibliotek sin temaplan som framhevar utvikling av digitale formidlingstilbod. Vi har ein plan til korleis vi kan implementere metoden og overføre kompetansen til nye formidlarar i vår organisasjon. Vi vil også bruke verktøykassa internt for å stimulere til produksjon, sjølv om det nok vil bli mindre enn i prosjektperioden. Kompetansen vi har tileigna oss sidan pandemien og i dette prosjektet spesielt, vil bli ein del av grunnlaget for nye digitale formidlingstiltak. Vi har også planer om å sende ein Bibliomat på turnè til alle biblioteka i Bergen i 2024.

Verktøykassa vil hjelpe andre bibliotek om dei vil bruke vår metode. Likevel vil vi spesielt framheve Bibliotmaten som eit eksempel til etterfølging for andre bibliotek. Vi ser at den fungerer som eit godt supplement til vår formidling i Barnebiblioteket. Vi ser no på moglegheitene for å bruke andre skjermar og lagar ein utstyrsguide for andre som vil bygge sin eigen Bibliomat.